

**MØTEBOK**

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Quality Hotell, Florø
Møtedato	15.02.2005
Kl.	13:00

Faste medlemer til stades: Liv Henjum (V), Åshild Kjelsnes (A), Sissel Loen (H), Åge Starheim (Frp), Margreta Navelsaker (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp), Asbjørn Lihaug (Sp),

Forfall til møtet: Johanna Nygjerd (Krf), Tord Dale (A)

Varamedlemer til stades: Per Osvald Bøthun (Krf), ingen varamedlem innkalla for Tord Dale

Til stades med tale-/framleggsrett: Velaug Veum

Andre til stades:

Sekretariat for møtet: Dina Lefdal, Ole Ingar Hæreid, Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 26.01.05 vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

- 1 Notat til hovudutval for samferdsle – Passasjerterminalar – oversyn over avtalar
- 2 Notat – Fv 04 Sløvågen – Ånneland, Gulen kommune (**Ikkje off.**)
- 3 Brev frå Fylkesrådmannen – Fv 7 Sollibotn-Dingja – Finansiering og realisering
- 4 Brev frå Fjordvegen datert 23.11.04 – Informasjonsprosjektet 2005 - 2008
- 5 Møtereferat – Nasjonal rassikringsgruppe
- 6 Vestlandsrådet – Aktuelle samferdslesaker, infoark 01/2005
- 7 Notat frå Statens vegvesen datert 11.02.05 – Fv04 Sløvågen – Ånneland. Status og framdrift (**ikkje off.**).

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering i møte:

- 1 Brev frå Regionalavdelinga til kommunane datert 11.02.05 – Lokale transporttilbod for ungdom (LTU) vert vidareført i 2005 – Invitasjon til å søkje om prosjektmidlar
- 2 Brev frå Nordfjord Havn IKS og Vågsøy kommune datert 03.02.05 – Søknad om driftstilskot til Måløy Trafikkterminal

Munnleg orientering:

Stig Kristoffersen - orientering om Fjord I
Svein Solheim – orientering om ferjedrift
Dina Lefdal - orientering om NTP
Ordførar Bente Frøyen Steindal orienterte om diverse vegprosjekt i Florø

SAK 0004/05 Seniorskyss 2005

VEDTAK:

- 1 Fylkeskommunen yter godtgjersle til følgjande tilrettelagde skysstilbod i 2005:

Seniorskyssen – Leikanger	kr 130 000
Seniorskyssen – Balestrand	kr 130 000
Seniorskyssen Fjaler	kr 75 000
Seniorskyssen Gaular	kr 130 000
Fokusprosjektet, Førde	<u>kr 130 000</u>
Til saman	kr 595 000
- 2 Billettprisen vert auka frå kr 10 til kr 15, med verknad frå 01.03.05.
- 3 Hovudutvalet finn ikkje rom for oppstart av nye seniorskyssar i dette budsjettåret.

SAK 0005/05 Høyring: Framlegg til nytt riksregulativ for ferjetakstar

Frå Fylkesdirektøren lág det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som positivt at Statens vegvesen vil lage eit forenkla takstregulativ for ferje.
- 2 Det må lagast tenlege rabattordningar for pendlarar og næringstransport slik at kostnaden for desse ikkje vert auka.
- 3 Ei eventuell innsparing ved nytt ferjeregulativ må kome dei reisande til gode.

Endringsframlegg:

Magretha Navelsaker (Sp) la fram slikt forslag til nytt pkt. 3:

Det nye riksregulativet for ferjetakstar vil slå spesielt negativt ut for brukar av trygdebil då desse svært ofte køyrer aleine og ikkje har andre transportalternativ. Dette må takast spesielt omsyn til ved fastsetjing av rabattar.

Åshild Kjelsnes (A) la fram slikt forslag til nye pkt.:

- 2 Det må lagast tenlege rabattordningar for pendlarar og næringstransport slik at kostnaden for desse ikkje vert auka. Sameleis må honnørreisande sine rabattordningar ivaretakast.
- 4 Sogn og Fjordane Fylkeskommune er uroa over konsekvensane for bussruter med lågt belegg, slik typiske utkantruter ofte har.
- 5 Sogn og Fjordane Fylkeskommune føreset at det vert innsparingar ved innføring av nytt ferjeregulativ og det må kome dei reisande til gode.

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis slik:

- Pkt. 1 frå fylkesdirektøren – samrøystes
- Pkt. 2 frå fylkesdirektøren med Åshild Kjelsnes sitt tilleggforslag – samrøystes
- Pkt. 3 frå Margretha Navelsaker – samrøystes
- Pkt. 4 frå Åshild Kjelsnes – samrøystes
- Pkt. 5 frå Åshild Kjelsnes - samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som positivt at Statens vegvesen vil lage eit forenkla takstregulativ for ferje.
- 2 Det må lagast tenlege rabattordningar for pendlarar og næringstransport slik at kostnaden for desse ikkje vert auka. Sameleis må honnørreisande sine rabattordningar ivaretakast.
- 3 Det nye riksregulativet for ferjetakstar vil slå spesielt negativt ut for brukar av trygdebil då desse svært ofte køyrer aleine og ikkje har andre transportalternativ. Dette må takast spesielt omsyn til ved fastsetjing av rabattar.
- 4 Sogn og Fjordane Fylkeskommune er uroa over konsekvensane for bussruter med lågt belegg, slik typiske utkantruter ofte har.
- 5 Sogn og Fjordane Fylkeskommune føreset at det vert innsparingar ved innføring av nytt ferjeregulativ og det må kome dei reisande til gode.

SAK 0006/05 BEHOVSPRØVING AV DROSJELØYVE I VIK KOMMUNE

VEDTAK:

Løyve S-099 med stasjoneringsstad Vangsnes/Feios, vert oppretthalde og lyst ledig.

SAK 0007/05 Behovsprøving av drosjeløyve S-003

VEDTAK:

Løyve S-003 med stasjoneringsstad Skjolden med tilknytning til Drosjesentralen i Gaupne, vert oppretthalde og lyst ledig.

SAK 0008/05 Behovsprøving av drosjeløyve i Årdal kommune, Øvre Årdal

VEDTAK:

Løyve S-031 med stasjoneringsstad Øvre Årdal, vert ikkje lyst ledig.

SAK 0009/05 RV 39 HP26 og HP27, Omklassifisering av gamal veg i Stigedalen, Eid kommune

VEDTAK:

På E39, på vegparsellen mellom Hjelle og Korsen, vert 645 m gamal veg omklassifisert til kommunal veg. 60 m gamal veg vert lagt ned som offentleg veg og overført til tilstøytande eigedom.

SAK 0010/05 Planprogram 2005

VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner opplegget for planprogram 2005 i Vestlandsforsøket og oversender det til Vestlandsrådet for endeleg godkjenning.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune føresett at planprogram 2005 vert lagt til grunn for bestilling av planaktivitetar på det "øvrige" riksvegnettet, inkl. rassikring.

Møtet slutt kl 15:00